

Granvin herad
Sakspapir

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Formannskapet	23.11.2009	063/09	KJF

Sakshandsamar:	Arkivkode:	Arkivsaknr:
Kjersti Finne	K2-L12	09/291

Melding om oppstart av planarbeid - fortetting av hytteområde Frigardslia, Granvin herad

Vedtaksmynde: Formannskapet

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	07.09.2009	Arne J. Havås	Melding om oppstart av planarbeid Frigardslia ifm hyttefortetting
2	U	15.09.2009	Arne J. Havås; Elisabeth H. Gunnarsen; Eivind Medås; Kjell Medås	Referat frå møte om oppstart av planarbeid - Frigardslia

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.: Plan – og bygningslova

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8, vert det vedtatt å starte opp arbeidet med detaljreguleringsplan for Frigardslia hyttefelt.
2. Føremålet med planarbeidet er å fortette eksisterande hytteområde med seks nye hytter, og oppdatere reguleringsføresegnene for heile hyttefeltet.
3. Ved godkjenning av ny plan skal den eksisterande bebyggelsesplan for Frigardslia hyttefelt (PTN-sak 16/00) opphevast.

23.11.2009 Formannskapet

FS-063/09 VEDTAK:

Rådmannen sit framlegg vart samrøystes vedteke:

1. I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8, vert det vedtatt å starte opp arbeidet med detaljreguleringsplan for Frigardslia hyttefelt.
2. Føremålet med planarbeidet er å fortette eksisterande hytteområde med seks nye hytter, og oppdatere reguleringsføresegnene for heile hyttefeltet.
3. Ved godkjenning av ny plan skal den eksisterande bebyggelsesplan for Frigardslia hyttefelt (PTN-sak 16/00) opphevast.

FAKTA:

Bakgrunn for planendringa

I kommuneplanen sin arealdel vedtatt 18.05.09 vart det opna for fortetting for seks hytter i Frigardslia. Området ligg inne som LNF-spreidd utbygging og det er sett plankrav før utbygging kan godkjennast. Det skal takast omsyn til dyrka mark, kulturminne, landskap, vassdrag og det skal lagast ein ROS-analyse. Reguleringsplanen skal løyse behov for parkeringsplass og tilkomst, omtale løysingar for vatn og avlaup og utforming og storleik på hyttene i tråd med kommuneplanen.

I brev datert 7. september 2009 ber Arne Johan Havås på vegne av grunneigarane (gnr/bnr 113/1, 114/1 og 114/2) om at planarbeidet for fortetting av hytter i Frigardslia vert starta opp. Granvin herad har gjennomført synfaring i lag med grunneigar og konsulent, og sett på forslag til plassering av hyttene, jf kartvedlegg.

Endringar i reguleringsføresegnene

Dei viktigaste tema for planen i tillegg til plassering av dei nye hyttene, er tilkomst, parkering, vatn, avlaup og utforming/materialbruk og storleiken på hyttene. Den nye detaljreguleringsplanen vil også omfatta føresegner for eksisterande hytter og hyttetomter i Frigardslia hytteområde.

Konsekvensar av reguleringsendringane

Det vart gjennomført ein overordna konsekvensvurdering i samband med kommuneplanarbeidet. Det er ikkje vurdert særskilde negative konsekvensar av ei fortetting av hytteområdet innafor dei vurderte tema.

VURDERING:

I samband med handsaming av arealplanen kom det innspel om tilkomstveg, parkeringsplassar både sommar og vinter, og forureining knytt avlaup, ved bygging av nye hytter i Olavstølsområdet. Det er difor særskild viktig at desse tema vert omtalt i planen.

Tiltaket er i tråd med kommuneplanen sin arealdel, og rådmannen vil difor tilrå at oppstartsmeldinga vert sendt på høyring.